



Reglement for godtgjering til folkevalde Ørskog kommune

Dette reglementet gjeld for folkevalde/politisk valde representantar si godtgjering m.m. for deltaking i møte knytta til politisk verv. Reglementet gjeld ikkje for administrasjonen si deltaking i slike møter.

Lovheimel

Godtgjering til folkevalde er heimla i kommunelova §§ 41 og 42.

§ 41. Dekning av utgifter og økonomisk tap.

1. Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet, etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

2. Tap av inntekt og påførte utgifter som følge av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv erstattes opp til et visst beløp pr. dag, fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv. Det skal fastsettes ulike satser for legitimerede og ulegitimerede tap.

§ 42. Arbeidsgodtgjøring.

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid etter nærmere regler fastsatt av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Møte

Med møte meiner ein møte/forhandlingar i

- kommunestyre
- formannskap
- Hovedutval, underutval, komitear og arbeidsgrupper oppnemnd av kommunestyre eller formannskap

For at folkevalde skal få utbetalt møtegodtgjering må møtet vere protokollert med opplysningar om m.a. deltakarar, møtestad, møtetid og møtelengd.

Deltakarar på to eller fleire etterfølgjande møter same dag skal sjåast i samanheng og møtegodtgjering vert utbetalt for eit møte.

Godtgjersle

Ordfører

- Ordfører si godtgjering er 90 % av stortingsrepresentant si løn. Godtgjeringa dekker alle oppdrag i vervet som ordfører. Godtgjeringa vert regulert samtidig med regulering av Stortingsrepresentantar si løn, for tida 1.mai kvart år.
- Ordfører skal ikkje ha møtegodtgjersle i tillegg.
- Stillinga skal vere inntil 100 %
- Ordfører skal meldast inn i den ordinære pensjonsordninga for Ørskog kommune.
- Ordføraren har rett til 5 veker ferie utan trekk i godtgjering
- Ordføraren er ikkje arbeidstakar, men skal sjåast på som frilansar i forhold til regelverk frå NAV.

Ein skal forhalde seg til regelverk frå NAV for frilansar, med fylgjande tillegg:

1. Ørskog kommune betalar full godtgjersle dei første 16 dagane ved sjukefråver. Etter det skal sjukepengar betalast direkte frå NAV.
 2. Ørskog kommune betalar ut mellomlegget mellom det som NAV betalar (inntil 6 G) og full godtgjersle, i inntil 50 veker og fram til fylte 67 år.
 3. Dersom ordfører er 67 år eller meir og får sjukepengar, vil Ørskog kommune dekke mellomlegget opp til full godtgjersle. Dersom ordfører ikkje får sjukepengar, vil Ørskog kommune dekke mellomlegget mellom maksimal mogleg pensjon og full ordførargodtgjersle. I alle høve er ansvaret til Ørskog kommune avgrensa til 50 veker i valperioden.
- Dersom ordfører ikkje har ordinært arbeid å gå tilbake til etter avslutta periode og heller ikkje har høve til å tiltre pensjonsordning, kan det innvilgast inntil 3 månader etter-godtgjersle.

Varaordfører

- Varaordfører si godtgjersle er 10 % av ordføraren si godtgjersle
- Godtgjeringa dekker tapt arbeidsforteneste. Godtgjeringa dekker og alle oppdrag varaordfører utfører, inkl. stedfortredar for ordfører i denne sin ferie.
- Varaordfører skal ha møtegodtgjersle i tillegg.
- I ordfører sitt fråver (t.d ved sjukdom m.m) utover 2 veker skal varaordfører tre inn i vervet som ordfører og godtgjerast som ordfører i den stillingsdel som han trer inn i vervet.

Utvalseleiarar

Leiar av følgjande utval skal ha ei fast godtgjering tilsvarande (i % av ordførar si godtgjering)

Tenesteutvalet 4 % + dobbel møtegodtgjersle
Kommuneplanutvalet 4 % + dobbel møtegodtgjersle
Kontrollutvalet 2 % + dobbel møtegodtgjersle

Leiar i andre utval og nemnder skal ha dobbel godtgjersle pr. møte
Dersom leiar har forfall skal fungerande møteleiar ha utbetalt møtegodtgjersla.

Medlemmer

Medlemmer i utval skal ha slik møtegodtgjersle pr møte:

- Formannskap kr 800,-
- Kommunestyre kr 650,-
- Kommuneplanutvalet kr 650,-
- Kontrollutval / Tenesteutval kr 650,-
- Administrasjonsutval, Eldreråd, RMF: kr 450,-
- Andre råd og utval oppnemnde av kommunestyret: kr. 450,-
- UKS: kr 200,-

For andre ikkje-faste utval/komitear skal godtgjersle vedtakast pr komite i kommunestyret.

Følgjande tilfelle gjev ikkje grunnlag for utbetaling av møtegodtgjersle:

- deltaking på møte, konferansar, seminar, kurs m.m. arrangert av andre enn Ørskog kommune
- foredrag, informasjonsmøte eller tilstelingar arrangert av Ørskog kommune med møteplikt for folkevalde
- I slike tilfeller kan det dekkast skyss- og kostutgifter og eventuelt erstatning av tapt arbeidsinntekt.

Tapt arbeidsforteneste

Tapt arbeidsforteneste vert utbetalt enten etter krav frå arbeidsgjevar (når det ikkje har vore trekt løn ved fråver) eller krav frå den folkevalde sjølv (i dei tilfelle der arbeidsgjevar har trekt løn ved fråver)

I begge høve skal dokumentasjon følge kravet.

Ikkje legitimert tapt arbeidsforteneste godtgjerast med inntil kr 200,-
Leige av vikar vert dekt etter dokumentasjon med inntil kr 250 pr. time.

Andre utgifter

Legitimerte utgifter til pass av egne barn under 10 år vert kompensert med inntil kr 150,- pr time.

Telefongodtgjersle er inkludert i møtegodtgjersle utanom til ordførar.
Ordførar får kommunal mobiltelefon til disposisjon.

Utbetaling

Utbetaling skjer i juni og desember, med unntak for ordførar og varaordførar som får den faste godtgjersla utbetalt med 1/12 pr måned.

Reisegodtgjersle

Reiseutgifter i samband med møte, synfaringar, kurs og liknande, vert dekt etter reglane i det kommunale reiseregulativet.

Iverksetjing

Reglementet tek til å gjelde frå og med tidspunktet for konstitueringa av kommestyret vald i 2015.